

Ola Bøe
Nysæterneset 45
5415 Stord

10.08.2011

NVE- konsesjonsavdelingen
ved Jan Sørensen
Postboks 5091
Majorstua 0301 OSLO

Uttale om fisk i Storelva i Breim etter forespørsel frå Martin Seime
Høyringsutsegn Breim Kraft.

Eg bekreftar med dette at det har blitt fiska/fanga store fiskar i Storelva. Det var mykje fisk i elva på den tida eg vaks opp på 50-talet.

Far min, Lars Bøe, var ein ivrig fiskar og han og bestefaren min, Olai Bøe, har tatt fisker av stor størrelse i den tida dei fiska der. I tillegg var Anton Bø ein av dei ivrige fiskarane i elva. Dei fiska med makk og fluge for det meste, og elles tok dei mange av dei store med klepp. Den største fisken faren min fekk i elva var på 11 kg, og den fekk han med flugestang i ein høl ved Kvernhuselva. Elles var fisk i størrelsen 2-5 kg noko dei stundom tok med klepp. Det mest vanlege var imidlertid fisk frå 200-300 gram til 0,5-1 kg. Dei fleste dei tok med klepp var i inste dammen. Vi fiska frå mai (når bjørkelauva var på størrelse med eit museøre) til iallfall ut august. Det var rogn i ein del av dei største fiskane, spesielt på hausten. Vi har bilete av stor fisk som er teken på staden. Det kan du få seinare.

Eg har sjølv fiska mykje i Storelva, og har fått godt med fisk. Vanlig størrelse var opp til ein kg.

Imidlertid kan eg ikkje seie noko om korleis stoda er i elva pr. i dag. Eg bur ikkje på staden, men er der nokre gongar i året, men då fiskar eg ikkje der. Eg kan ikkje tru anna enn at det finst større fisk i elva fortsatt.

Med helsing
Ola Bøe